

Kommunedelplan for Naturmangfold

Handlingsplan 2026 - 2030

Tiltak	Beskrivelse	Mål / Effekt	Ansvar	Periode	Prioritet
Naturkartlegging	Kartleggje områder som enda ikkje er kartlagt, med fokus på område som kan ha høge naturverdiar eller ligg i område kor det vurderast utbygging eller andre arealendringar. Kommunen skal jamleg spele inn aktuelle område til Statsforvaltar (finansiering frå Mdir).	Økt datagrunnlag for arealplanlegging og forvaltninga. Redusert risiko for inngrep i verdifull natur.	Kommunen	Laupande	Høg
Planvask I	Revidere eldre reguleringsplanar frå før 2016, for å fjerne eller justere arealformål som truer viktige naturverdiar.	Reduksjon i areal av utdatert byggeformål i naturverdifulle områder. Betre samsvar mellom planverk og oppdatert kunnskapsgrunnlag.	Kommunen	2026 - 2028	Høg

Planvask II	Revidere eldre arealplanar for å fjerne eller justere arealformål som truer viktig naturverdiar.	Reduksjon i areal av utdatert byggeformål i naturverdifulle områder. Betre samsvar mellom planverk og oppdatert kunnskapsgrunnlag.	Kommunen	2027 - 2029	Høg
Tiltaksplan mot framande artar	Utarbeide ein tiltaksplan mot framande artar i kommunen. Tiltak skal rettast særleg mot artar som har høg eller svært høg risiko. Informasjonsarbeid ifb. framande plantar (lupin på Beitostølen). Fange opp registreringar av nye og uønska artar som krev oppfølging. Vedta politisk at framande artar ikkje skal brukast ved utbyggingsprosjekt. Sette vilkår ved bruk/deponering av materiale. Sette vilkår ved vasking av maskiner.	Reduksjon i utbredelse av fremmede artar, spesielt lupin i fjellområda.	Kommunen, grunneigare, velforeningar, skular, Innlandet Fylkeskommune	Laupande	
Skjøtsel av skjøtselkrevjande naturtypar	Det er fleire registrerte skjøtselskrevjande naturtypar i kommunen. Desse må	Bevare og redusere gjengroing av	Kommunen, grunneigare	Laupande	

	skjøttast for å bevare naturmangfaldet og forhindre gjengroing. Engasjere grunneigere til å skjøtte disse naturtypene. Informere om tilskotsordninger (Miljødirektoratet, RMP). Være behjelpelig ved søknadsprosessen og gjennomføring av tiltak i samarbeid med grunneigar. Oppretthalde beiting i skjøtselsavhengige naturområde (beitebruksplanen).	skjøtselsavhengige naturtypar.			
Restaurere naturområde	Gjennomføre restaurering av minst ett prioritert område innen 2030. Prioriterte område er myr i dårlig tilstand grunna grøfting, bekker (kantsone og gjenopning).	Restaurering av myr vil auke karbonlagring. Istandsetjing av bekker vil betre vasskvaliteten og vere positivt for artsmangfald.	Kommunen, grunneigare, frivillige lag / foreiningar	2026 - 2030	
Kantvegetasjon	Sikre og restaurere kantsoner langs vassdrag og innsjøar. Auke kunnskapen om kantvegetasjon i landbruksområde og skogområde til årssikker vassføring.	Redusere avrenning frå landbruk og skogbruk. Sikre god vasskvalitet i kommunen.	Kommunen og grunneigare	Laupande	

Utvikle blomstereng på areal som kommunen drifter	Etablere og skjøtte blomstereng på eigna areal som kommunen drifter.	Auke og oppretthalde biologisk mangfald og leveområde til pollinerande insekt.	Kommunen	2028	Middels
Tilpassa vegvedlikehald ved artsrike vegkantar	Sørgje for at kantslått og anna vegvedlikehald som veghøvling, nedlegging av røyr og kabel, grøfting, m.m. tek omsyn til artsmangfaldet i vegkantane og kring vegtrasear.	Auka artsmangfald i vegkantar. Redusert spreiding av framande artar.	Kommunen, Innlandet Fylkeskommune, Statens vegvesen		
Frivillig vern av skog	Drive aktivt informasjonsarbeid angående frivillig vern av skog. Identifisere og fremme områder aktuelle for frivillig vern.	Sikre verdifulle naturtyper, forhindre fragmentering, sikre leveområder for artar.	Kommunen	Laupande	Middels
Overvaking av vassområde	Spele inn aktuelle vassområde for tiltaksretta overvaking til Statsfovaltaren.	Kontinutet i vassovervåkinga i kommunen. Betre oversikt over tilstand.	Kommunen	Laupande	
Restaurering av hekkelokalitet for sandsvale	Restaurering av hekkelokalitet for sandsvale.	Sikre hekkeområde for sårbar art.	Kommunen, BirdLife Valdres	2027 - 2028	

Vurdering av og informasjonsarbeid kring vern	Frivillig vern av skog – informasjonsarbeid. Undersøkje om det finst område i kommunen som kan vere aktuelle kandidatar for lokalt vern, basert på kjende naturverdiar og oppdatert kunnskapsgrunnlag.	Sikre betre oversikt over verneverdige område og leggje grunnlag for langsiktig ivaretaking av naturmangfaldet gjennom eventuelle vernetiltak.	Kommunen, grunneigare, andre lokale foreiningar	Laupande	
Søke om tilskot til revisjon av kommunedelplan for naturmangfald	Søkje natursats til revidering av kommunedelplan for naturmangfald.	Oppdatere planen med tilhøyrande handlingsplan etter nytt kunnskapsgrunnlag.	Kommunen	2029	Høg